

VERKADALEN

Høgde over havet : 380 moh

Lengd: **Alt.1:** ca 2,5 km ein veg. **Alt.2:** ca 1,3 km ein veg

Tid: ca 2-2,5 timar ein veg

Gradering: **Alt.1:** Tung tur 1, 5 timer. **Alt.2:** kort, men bratt og tung tur, ca 1 time

Vegskildring: Kjør frå Granvin og utover mot Hamre

Alternative 2: Stølsvegen går frå Selstad: Turen er skilta med mange fine stadnamn. Stien startar særst bratt opp i skogen og du går forbi ei stor furu Gleshaugfuru. Vidare kjem du til Fossdalsløo og Fossdalen kor det kan vera noko sig av vatnet heile vegen. Du føl stien oppover til Fossdalsberget, og her har vi rydda fram eit flott utsiktspunkt og her står ein benk. Her kan det vera naturleg å ta seg ein liten kvil og sjå utover fjorden og til Folkedal. Du kan og sjå utover til Verkadalstuftene på andre sida av gjelet og det her som er målet ditt for dagens tur. Stien går vidare særst bratt eit godt stykke oppover i omlag 30- 40 min. Når du er oppe frå det bratte opnar stien seg noko og du får på nytt utsikt ut fjorden. Du går lett utover før du kjem til eit vegskilje der stien går **nedover**. Her har vi sett opp eit skilt til Oksen. Du må og krysse Nutebekken som kan vera noko glatt, her heng det tau til å halde seg i. Stien går no lett nedover og over Buførehaugen til du kjem til Sauasteinen som er ein verkeleg stor stein. Det terrenget du skal gå i no er særdeles vakkert og du har begynt å gå i Verkadalshii.

Rett før du kjem til Sauasteinen skal du ta av litt på skrå nedover og du skal krysse elva. Du føl merkinga vår. Her var det tidlegare ei bru som du no berre kan sjå restar av. Du lyt kryssa elva og gå over og opp på andre sida, og no kjem du straks til Verkadalstuftene.

Alternativ 2: Kjør lenger ut mot Hamre og heilt til Djupevika. Herifrå går det ein snarveg opp til Verkadalstuftene. Denne stien er endå **brattare**, men kortare. Den tek om lag ein time. Stien er merka og rydda. Det kan vera flott å gå ein runde her om du anten startar den eine eller andre vegen slik at du får gått begge vegane. Vi menier det er best å gå opp frå Djupevika og ned att til Selstad.

Det er og mogeleg å gå frå Verkadalen og over til Seljenuten i same høgdedrag. Ruta er merka og skilta. Då kan du få med deg fleire stølar på same tur. Vi ser det som mest naturleg å gå opp til Seljenuten fyrst, for deretter å gå opp til varden. Då kan du følge stien nedover heilt til Verkadalstuftene.(ca ein time) Du har Granvinsfjorden imot deg heile vegen, og det er eit flott syn!

GOD TUR!